

Dialektendring siste 200 åra i Norge

Av HELGE SANDØY

1 Sterke meininger

For ikkje lenge sia presenterte lokalavisa Hallingdølen (22.1.2022) ei dødsannonse over hallingmålet. På den måten annonserte redaksjonen ein reportasje inne i avisa frå ei enkel sjornalistisk spørjegranskning blant ungdomsskoleelevar som hadde kryssa av på ei spørjeliste for kva variantar dei brukte av tre ord. Metoden var altså rapportert tale, og resultatet var nedslåande for dei som ønsker å bevare dialekten. Både framsida og sjølv reportasjen var einsidig pessimistisk. Men oppslaget var ein sjornalistisk sjenistrek. Det blei eit renn i mange veker med avisinnlegg som protesterte mot eller støtta reportasjen, og mange ønskte nå å ta eit tak for å endre situasjonen. Torsdagen 3. februar i veka etter førsteoppslaget skrev redaksjonen heile avisa på 64 sider på hallingmål, både redaksjonell tekst og annonsar. Dette friska sjølv sagt enda meir opp diskusjonen, og meiningsane begge vegar blei ikkje mindre sterke. Somme trua med å seie opp avisa viss det kom meir slikt.



Figur 1. Framsidene på avisa Hallingdølen for 22.1.2022 og 3.2.2022.

Altså: Dialekt engasjerer. Men dei pessimistiske tonane dominerer. Fagfolk har òg i lang tid ytra seg på same måten. Rett som det er, blir dei intervjua i aviser og fortel om at f.eks. »Sognedialekta forsvinn» (Sogn Avis 5.1.2008), og det går fram at »DIALEKTEKSPERT ser ikke bare lyst på dialektenes fremtid» (VG 30.12.2014). Ein gjengangar er at slike artiklar aldri tar utgangspunkt i det faktumet at alle levande språk forandrar seg, og dei jamfører heller ikkje med kor mykje andre dialektar eller standardspråket forandrar seg.

Ei sterk og presis utsegn kom professor i norsk målføregransking, Olav T. Beito, med i 1958 i Svenska landsmål och svenskt folkliv:

Målföra våre har vel aldri endra seg meir frå generasjon til generasjon enn i våre dagar. Gamle sermerke döyr ut med dei eldre åttledene, og dei unge får etter kvart eit mål som er meir avslipt og mindre sermerkt for det einskilde målføreområdet. (Beito 1958/1973 s. 190.)

Denne artikkelen av Beito inneheld like lite som andre artiklar noko forsøk på å undersøke empirisk om påstanden stemmer. Dei bygger ikkje på anna enn kjensler og subjektivt skjønn. Men slike utsegner kan vere forskingshistorisk og ikkje minst kultursosiologisk interessante. Så lenge dei ikkje er underbygd empirisk, er dei berre forestillingar; og viser det seg at dei ikkje stemmer, blir det naturleg å stille spørsmål om korfor vi har slike kulturelle forestillingar. Eit muleg svar er at forestillingane tilfredsstiller ei seierherretenking som kulturhegemoniet er avhengig av. Dét ville i så fall gå inn i eit kjent kultursosiologisk mønster der det er viktig å peike ut ‘taparane’ i utviklinga.

2 Den faglege interessa

Kultursosiologien skal ikkje vere temaet her, derimot skal vi sjå om vi kan undersøke spørsmålet på fagleg vis, og kva resultatet i det tilfellet blir.

Det ligg eigentleg ei kvantifisering eller samanlikning i dei fleste utsegner om dialektutviklinga, for det er gjerne brukt formuleringar med komparativ eller superlativ av adjektiva *mykje*, *liten* eller *stor*, eller som vi såg i det sterke sitatet ovafor: »aldri endra seg meir» osv. Samanlikningar (jf. komparativ og superlativ) er noko facet treng for å kunne leite etter korrelasjonar med ikkje-språklege fenomen, slik at vi ev. kan finne samanhengar og årsaker. Dermed kan dei lettvinne påstandane i den allmenne språkdiskursen føre oss rett inn i interessante faglege spørsmål. Men dei forutset ein metode som gir oss høve til å jamføre endringsgrad i ulike dialektar, i ulike periodar, i ulike samfunnstypar, i språktypologisk ulike dialektar osv. – alt etter kva hypotesar vi har om årsaksfaktorane.

Jamføringar i tid eller rom forutset målingar, altså kvantifiseringar, som igjen forutset ein målestav, som vi snart skal komme tilbake til. Kvantifiseringar er forresten ikkje nok aleine. I somme faglege arbeid der det er arbeidd med språk-

lege variablar og oppteljingar av variantar, blir det gjerne med utgangspunkt i ein enkelt variabel påstått at det har skjedd store endringar i dialekten den siste tida. Og det stemmer jo for denne eine variabelen. I ei hovudoppgåve skriven for nokre år sia gjaldt ein slik variabel infinitiv av 2. klasse sterke verb (f.eks. tradisjonell variant *brjote* mot ny variant *bryte*) der den nye varianten fekk 82 % av førekommstane. I eit slikt tilfelle bør ein spørje seg om kor viktig eller representativ denne variabelen er for dialekten, for variantar av han førekjem i naturleg tale hos enkelpersonar berre tredjekvar dag.¹ Denne variabelen fortel ikkje mykje om ‘heile dialekten’ (eller ‘heile språket’).

Utfordringa her er å komme fram til ein måte å arbeide empirisk på. Eg skal nedafor våge meg ut i ruskete fagleg farvatn for å undersøke kvantitativt kor mykje norske dialektar har forandra seg dei siste to hundre åra, og eg skal drøfte korleis slik kvantifisering kan utnyttast i historisk sosiolingvistikk.

3 ‘Heile språket’

Sosiolingvistikken definerer studieobjektet som språkbruk, altså praktisert språk. Den disiplinen har vist at kvantifiseringar av gitte fenomen i språkbruken er fruktbare opplysningar som kan gi innsikt i sosialt innhald som ligg i språket og dermed i ein endringsprosess. ‘Språk’ er altså oppfatta som ‘språkbruk’. Moderne kognitiv lingvistikk har òg vunne mange innsikter i språkendringar og i språklæring med å ta utgangspunkt i frekvensar i faktisk språkbruk.

Språkbruken kan ein sjå på som tekstar av løpende ord. Munnlege replikkar er slike tekstar, der ein kan registrere og telje. Tekstane er ‘heile språket’, men det blir stadig produsert fleire av dei slik at tekstmengda er uendeleg. Dermed må vi finne fram til tekstbitar som vi kan seie representerer gjennomsnittleg språkbruk, eller ‘heile språket’. Da kan vi telje og rekne.

Tradisjonell sosiolingvistisk arbeidsmåte er å bestemme seg på førehand for språklege variablar med variantar og så registrere talet på førekomstar av variantane. Den arbeidsmåten har den ulempa at variablane blir subjektivt utvalt. For det første får ein da lett variablar som kan vere styrt av førehandsforventningar til resultatet. For det andre avgrensar ein registreringa til eit fåtal variablar, mens den totale variasjonen i språket omfattar mykje meir. Ein kunne sjølv sagt tenkt seg som alternativ å etablere det totale settet av variablar som er utsett for endring. Men det ville nok blitt eit unrealistisk stort prosjekt å gjennomføre.

Når ein etter tradisjonen avgrensar seg til nokre variablar, analyserer ein variablane kvar for seg, og når ein generaliserer over dei, blir det ofte rekna gjen-

¹ Mehl 2007 opplyser at granskinger viser at den gjennomsnittlege ordmengda som ein person ytrar på ein dag, er sirk 16 000, og Per Vestbøstad: *Nynorsk frekvensordbok* (1989) fortel at infinitiv av 2. klasse sterke verb har ein frekvens på 0,02077748 per 1000 ord. Dermed går det i snitt vel tre dagar mellom kvar gong gjennomsnittsspråkbrukaren brukar ein slik aktuell infinitiv.

nomsnittsprosent (f.eks. »dialektprosent» eller »tradisjonsprosent»). Da er enkelt-variablane normalt ikkje vekta. Infinitiv av 2. klasse sterke verb (f.eks. variantane *brjote* mot *bryte*) kan altså med frekvensen 0,02077748 per tusen ord telje like mykje som variabelen for determinativet 'det' (med variantane *de* eller *da*), som har frekvensen 24,92 per tusen ord (Vestbøstad 1989). Denne svakheita kan ein rette opp att med nettopp å vekte variablane etter kor frekvente dei er i språket.

I ein tekst er det viktig få med alle språkfenomena som har både gammal og ny variant, for den sosiale relevansen (indeksikalisinga) av ein variabel er uavhengig av grammatisk status; forholdet mellom variant og sosialt innhald er som kjent arbitrært. Ein kan for denne indeksikalitets-variabelen (GAMMAL–MODERNE) likeins som for tradisjonelle språkdrags-variabler rekne med at både språkproduksjonen og tolkinga/persepsjonen tar omsyn til totalfrekvensen.

At bruksfrekvensar betyr noko for språkkompetansen vår (både når vi hører, og når vi snakkar), er eit aksiom sosiolingvistikken bygger på, og det har vist seg å vere svært fruktbart i teoriutviklinga. I tråd med vanleg sosiolingvistikk ser vi dermed variabelen som uttrykk for kollektive normer som styrer eller innvirkar på språkspraksisen åt individua. Kvar enkelt av oss er særprega av å snakke med eit meir eller mindre preg av gammalt eller moderne. Det preget tolkar tilhøyraane ubevisst gjennom å oppfatte frekvensane av fenomenet. Er språkbrukaren redd for å virke gammaldags, kan han/ho redusere totalmengda på gammaldagse drag same kva grammatisk fenomen det gjeld.

I eit tidlegare eksperiment (Sandøy 2007) følgte eg tradisjonen i sosiolingvistikken med å tenke i variablar, men eg vekta dei etter frekvensen dei var oppført med i ei frekvensordbok. Dét var eit mødesamt arbeid, og resultatet var avhengig av variabelutvalet mitt. Eit alternativ er å rekne alle forandringane som må gjerast i f.eks. ein eldre tekst for at han skal kunne svare til eit nytt språkstadium. Alle språkdrag som varierer i tid, blir da rekna saman i éin variabel, og den tekstabaserte frekvensvektinga er samtidig innebygd i metoden. Altså uendeleg mykje enklare. Variablar som ikkje er blitt fanga opp i den aktuelle teksten, er slike som er uviktige kvantitativt sett. Da står vi att med eitt spørsmål: Er den tilfeldige teksten vår representativ for den aktuelle dialekten?

Frå korpuslingvistikk og frekvensordbøker veit vi at dei aller mest frekventeorda har lite semantisk innhald, og desseorda utgjer ein nokså konstant del av alle tekstar. Dei fleste variablane i sosiolingvistikken gjeld til vanleg element under ordnivået, dvs. fonologi og morfologi. Morfologien formidlar grammatisk innhald; lydane er heilt utan innhald, dei er berre meiningsskiljande.


Vi kan vente oss at desse variablane er temmeleg frekvente og lite påvirka av innhaldet i teksten. Forenkla kan ein seie at det aller meste av det vi reknar på i tekstane våre, utgjer det 'grammatiske maskineriet' som går så lenge vi brukar språket, og inn i maskineriet dyttar vi »av og til» noko semantisk innhald. I dette lyset kan ein seie at tekstar over ei viss lengd står for ein strukturert konstans som vi kan utnytte til å telje variantar i.

Dette treng ein liten modifikasjon, for tekstar kan vere lagt enten til nåtid eller til fortid, og det påvirkar sjølvsagt frekvensen av presens- og preteritums-former, som stundom er sosiolingvistiske variablar. Dermed er det eit empirisk spørsmål kor lange tekstane må vere for at påstanden om konstans er sann nok til at arbeidsmåten gir fruktbare resultat. Men erfaringmessig spelar ikkje slike tempusvariablar stor rolle kvantitativt sett, så vi skal oversjå dette spørsmålet i denne samanhengen.

4 Gammalt og nytt materiale

Jamførbar talemålsmateriale frå ulike tidspunkt er ikkje lette å få tak i. Men i Norge er vi nokså heldige pga. at Ivar Aasen samla så mykje dialektmateriale på 1840- og 1850-talet. I 1853 gav han ut boka *Prøver af Landsmalet i Norge*, der første halvdelen av boka inneheld dialekttekstar frå 20 ulike dialektar (jf. figur 2). Sistedelen av boka er første presentasjonen av forslaget hans til eit normert nynorsk skriftmål, som skulle bygge nettopp på dialektane. I hovudsak er desse dialektane dei han studerte grundig da han var ute på dialektreisene sine, ved å opphalde seg i jamt over ein månad i kvart sentrale dialektområde. Under opphalda på undersøkingsstadane skreiv Aasen ned tekstar, ord og grammatiske notat. Eg skal bruke tekstane frå *Prøver af Landsmalet i Norge* som vitnemål om dialektane for 200 år sia.

Det er ikkje urimeleg å seie at Aasen hadde informantar som var fødd kring 1800. På dialektreisene sine såg han mest etter den tradisjonelle versjonen av dialektane; det var i samsvar med tidsånda. Eg har samla inn nytt materiale med å gjere samtaleopptak med informantar fødd kring 2000, og dermed kan eg forsvare å rekne med ein tidsavstand på sirkca 200 år.



Figur 2. Kart over stadane som *Prøver af Landsmalet i Norge* har dialektprøve frå.

Til dette eksperimentet har eg dels sjølv og dels ved hjelp av medhjelparar gjort samtaleopptak med ungdommar som snakkar ein ‘gjennomsnitts-dialekt’. Det er brukt mellom 1 og 6 informantar frå kvar stad. Eg har valt ut og transkribert fonemisk delar som innhaldsmessig kan fungere godt som dialekttekstar. Tekstane blir brukt som grunnlag for beskrivinga av náttidsdialekten, som er sluttpunktet i den 200-årige historia.² Dei blir altså ikkje brukt i den kvantitative jamføringa.

Når vi skal jamføre nøyaktig, kan vi ikkje sette ein skriven dialekttekst opp mot ein transkribert tekst frå spontan tale. Til det er tekstoppbygginga for ulik i dei to sjangrane. Løysinga eg har valt, er å ta utgangspunktet i Aasen-tekstane frå 1853 og lage ein parallel 2000-versjon. Med å halde på den skrivne dialektteksten held vi både sjanger og emne konstante. Setningsgrammatikken er jo i prinsippet den same i dei to sjangrane; det vi ikkje får inn, er spontaniteten med svak tekstopplanlegging. Å legge inn spontane drag som gjentakingar, stotringar og avbrotne setningar, ville blitt ein for vanskeleg og vågsam metode.

Til all lykke var Aasen ein meister i å forme setningane perfekt etter dialekt-syntaksen og fri for litterært preg. Morfologien er svært påliteleg og konsekvent, mens fonologien har store svakheiter – naturleg nok med tanke på at fonetikken ikkje var blitt vitskap enda. Men med hjelp frå språknottata hans Aasen, annen dialektlitteratur og lingvistiske resonemang har det vore muleg å rekonstruere foneminventaret kring 1800 i dei aktuelle dialektane og å overføre Aasen-tekstane til fonemskrift.

2000-versjonen av same tekstane har eg laga med utgangspunkt både i dei nye dialektintervjuer og i analysar presentert i nyare talemålsavhandlingar. Så er mine forslag gjennomgått av unge lokale dialekttalarar. Rettingane deira har i stor grad gått på ord som ikkje er brukande hos unge lenger, og i somme tilfelle har dei reagert på at setningar har hatt ei gammalmodig utforming. Desse lokale dialektbrukarane går dermed god for at dei kunne ha brukt den nye korrigerte versjonen som ein leser tekst som representerer deira talemål.

Figur 3 viser denne enkle metoden for å jamføre dei to tidsversjonane av dialekten.

| | |
|----|--|
| 4 | ¹ Dalsfjorn e ^{enn} ¹ lāye ² krokte ¹ fjore. Dar ¹ e ^{þe} ¹ lāykt å ² fare fyr |
| 5 | e ¹ lāyj ¹ fjor. Da e ¹ lāykt ^{før} |
| 6 | F F M M S F F F |
| 7 | dar ¹ þem- ^{enn} ¹ kroke me ^{ett} ¹ næs på ^{denn} ² xeine ² siinge å ^{enn} ¹ store ¹ våge |
| 8 | da ^{enn} krok me ¹ nes ^{denn} ^{enn} ¹ stor ¹ våg |
| 9 | S M F F M M |
| 10 | elle ¹ pålle på ^{denn} ² are. ¹ Yst i ¹ fjora e dar ¹ flatt ¹ land, å ¹ dar e dar |
| 11 | elle ^{påll} ^{denn} ² andre. ¹ fjor'n e dær e |
| 12 | F F M L S F L F |

Figur 3. Eksempel som viser forskjellar på ein 1800- og ein 2000-versjon av dialektteksten frå Sunnfjord.

² Tekstane blir presentert i ei bok om ikkje så lang tid. Bokprosjektet har arbeidstittel: Norsk dialektutvikling gjennom to hundre år. På gjenvisitt i Prøver af Landsmalet i Norge.

I figur 3 er 4., 7. og 10. linja transkripsjonen av 1800-versjonen, og linjene 5, 8 og 11 viser orda som må justerast for å få 2000-versjonen. Begge er i fonemisk Norvegia-skrift. På linje 6, 9 og 12 er det så sett inn ein kode for kvar endring som må til. Dei tre resterande linjene viser kategoriseringa av endringane. På desse linjene ser vi at det er aktuelt med fonologiske (F), morfologiske (M), syntaktiske (S) og leksikalske endringar (L).

Største tvilsmålet ved denne metoden gjeld ordforrådet, for Aasen leitte etter gamle ord. Det gjer ikkje vi, som arbeider med autentisk tale. Kjeldekritisk kan ein da seie at dette har som følge at avstanden vi måler mellom 1800- og 2000-versjonane av dialektane, kan tendere mot å vere større enn han faktisk er. Den unøyaktigheita må vi leve med.

Aasen hadde preferansar påvirkta av samtidta, og tida var ikkje interessert i å studere variasjonen i lokalsamfunna. Derfor kan vi ikkje få systematiske opplysninga om f.eks. variasjon og bidialektalitet. Berre av og til kjem slike opplysningar inn i notata hans. I det moderne materialet mitt er det heller ikkje lagt inn ein situasjonsvariabel. Men der materialet innehold stor forskjell blant informantane og andre granskningar har påvist og talfesta slik variasjon, er det tatt omsyn til det i beskrivinga av 2000-versjonen av dialekten. Kjeldekritisk kan ein da seie at avstanden vi måler mellom 1800- og 2000-beskrivinga, her òg blir målt som større enn han faktisk er.

Vi har i dag gode metodar for å lage pålitelege og representative sosiolingviske granskningar av eit språksamfunn, men dei er arbeidskrevjande og ville forutsett at eg kunne disponert mange millionar kroner til innsamling og bearbeiding av materialet. Dei pengane finst ikkje, og ei slik gransking ville heller ikkje hjelpt så mykje til jamføringa med Aasen-materialet, men kunne vore nyttig til jamføring i ein framtidig gjentakingsstudie.

5 Endringsomfanget for 1800–2000 i eit vidare historisk perspektiv

Dermed er vi komne så langt at vi kan begynne kvantifiseringa, dvs. å telje opp endringane som må til for å gjere 1800-versjonen om til 2000-versjon. Det har eg gjort i tekstane frå kvart dialektområde. Samla har dei eit omfang på knapt 13 000 ord, og lengda på enkelt-tekstane varierer mellom 344 og 1226 ord. Den geografiske oversikta over endringsgradane står i tabell 1. For at tala frå ulikt lange tekstar skal kunne brukast i jamføringar, blir endringane rekna som gjennomsnitt per tekstbit på 100 ord.

Tabell 1. Dialektendringsgrad i dei 20 dialektane.

| Dialektområde i PLm | Grad av dialektending |
|---|-----------------------|
| 1. Vågan, Lofoten, Nordland | 26,5 |
| 2. Vefsn, Nordland | 22,5 |
| 3. Inderøy, Trøndelag | 21,3 |
| 4. Stjørdal, Trøndelag | 24,4 |
| 5. Orkdal, Trøndelag | 28,2 |
| 6. Gjemnes, Nordmøre, Møre og Romsdal | 32,1 |
| 7. Ørsta, Sunnmøre, Møre og Romsdal | 62,9 |
| 8. Askvoll, Sunnfjord, Sogn og Fjordane | 40,4 |
| 9. Sogndal, Sogn og Fjordane | 26,3 |
| 10. Osterøy, Nordhordland, Hordaland | 35,9 |
| 11. Voss, Hordaland | 42,9 |
| 12. Ullensvang, Hardanger, Hordaland | 56,2 |
| 13. Bømlo, Sunnhordland, Hordaland | 24,4 |
| 14. Time, Jæren, Rogaland | 22,1 |
| 15. Valle, Setesdal, Aust-Agder | 20,0 |
| 16. Seljord, Telemark | 39,6 |
| 17. Ål, Hallingdal, Buskerud | 18,0 |
| 18. Øystre Slidre, Valdres, Oppland | 14,6 |
| 19. Sel, Gudbrandsdalen, Oppland | 13,6 |
| 20. Tynset, Østerdalen, Hedmark | 49,2 |
| <i>Gjennomsnitt for dei 20</i> | 31,1 |

Før vi går vidare, kan vi her stoppe opp for å vurdere kor pålitelege tala er med tanke på dei korpuslingvistiske overlegningane i bok 3. For å teste kor konstant endringsgraden er, har eg i ein del av tekstane rekna første og andre halvdel kvar for seg. Tala frå testen ser vi i tabell 2. Det var svært overraskande å sjå kor småe forskjellane er på tala frå dei to halvdelane; dei var minimale – med unntak for Sunnfjord. Denne testen må gi sterkt støtte til pålitelegheita i resultata.³

³ For dialektar der sosiolingvistiske granskinger har statistiske målingar av variasjonen i dag, har eg latt første halvdelen av teksten følge ein tradisjonelt prega dialektvarietet, mens den andre halvdelen følger ein meir »moderne» varietet viss variasjonen ligg mellom 30 og 70 prosent. Desse dialekttekstane kan sjølv sagt ikkje brukast i testen vist i tabell 2.

Tabell 2. Endringsgrad i første og andre halvdel av tekstane – til jamføring.

| Dialekt | Talet på ord i teksten | Endringsgrad | | |
|---|------------------------|-------------------------|-------------------------|-------------------------------------|
| | | Endringsgrad 1. halvdel | Endringsgrad 2. halvdel | Forskjellen mellom 1. og 2. halvdel |
| 5. Orkdal, Trøndelag | 344 | 28,4 | 28,0 | 0,4 |
| 7. Ørsta, Sunnmøre, Møre og Romsdal | 626 | 62,3 | 63,5 | 1,2 |
| 8. Askvoll, Sunnfjord, Sogn og Fjordane | 433 | 45,2 | 36,0 | 9,2 |
| 10. Osterøy, Nordhordland, Hordaland | 893 | 36,1 | 35,8 | 0,3 |
| 11. Voss, Hordaland | 933 | 42,6 | 43,1 | 0,5 |
| 13. Bømlo, Sunnhordland, Hordaland | 701 | 25,1 | 23,6 | 1,5 |

Når det gjeld endringsomfanget vist i tabell 1, legg vi merke til at forskjellane mellom dialektane er store. Endringane utgjer berre 13,6 per 100 ord i Gudbrandsdalen, men heile 62,9 på Sunnmøre. Gjennomsnittet på 31,1 kan vi jamføre historisk med resultatet eg har fått med å telje på same måten i tekstar som viser endringane fra 1600 til 1800, fra 1250 (norrornt) til 1600, og fra sirk 500 (urnordisk) til 1250 (Sandøy 2011 s. 56–58). Desse tala ligg det ikkje like mykje tekst og arbeid bak, så vi må sjå på dei berre som antydninga i eksperimentet med å få ei betre empirisk tilnærming til språkendringstempoet.

Eine teksten eg brukte til den historiske oversikta, er den frå Nordmøre i Prøver af Landsmaalet i Norge, som eg førte over både til 1600-tals-nordmørsk og til klassisk norrornt (sirk 1250) med dialektsædrag vi veit gjaldt for nordmørsk da. Frå sirk 1600 har vi dialektgjengivingar nok til å få eit svært godt bilde av denne dialektten på den tida; og for gammalnorsken kring 1250 kjenner vi òg til regionale dialektdrag, som vi altså tar omsyn til. Endringane frå urnordisk til norrornt har eg rekna ut med grunnlag i omsettinga til urnordisk som den svenske filologen Erik Harding (1932) gjorde av Atlakviða.

For å kunne jamføre historisk, må vi samordne tala våre, og det gjer vi her ved å rekne endringsgjennomsnitta per 100 år. Dermed blir gjennomsnittet på 31,1 i tabell 1 delt på 2, dvs. 16. Slik får vi eit tydeleg bilde som viser at språkendringane har vore mykje større tilbake i historia, jf. tabell 3.


Tabell 3. Gjennomsnittleg endringsgrad per 100 år frå og med urnordisk til i dag.

| Periode | 500–1250 | 1250–1600 | 1600–1800 | 1800–2000 |
|---------------------|----------|-----------|-----------|-----------|
| Tidslengd i år | 750 | 350 | 200 | 200 |
| Endringsgrad/100 år | 754 | 355 | 54 | 16 |

Den svært høge endringsskåren for tida 500–1250 avspeglar først og fremst dei store endringane som vi kjenner frå urnordisk til norrornt, og som kan vere eit

resultat av folkevandringane som hadde vore omfattande før 500. Ikkje mindre blei kanskje effekten av den justinianske pesta i åra 541–542 og/eller ei klimakrise i tiåret før, som arkeologar i dag er blitt opptatt av. Det neste toppunktet kjem av dei store endringane vi ser oppstår i tida etter svartedauden (1349), som saman med mange etterfølgande pester i tida fram til sirk 1520 tok livet av kanskje 2/3 av den norske befolkninga. Eit skatteregister frå 1520 fortel om eit lågpunkt i folketalet. Dette store folketalet skapte det vi kallar jordbrukskrisa i seinmiddelalderen, ei krise som ikkje var berre negativ for fattige bønder, som nå kunne flytte frå høgtliggende og lite produktive gardar til lågare distrikt, ofte ved kysten, der gardar låg øyde og kunne overtakast til låg pris eller leige. Dermed fekk ein på ny store folkeflyttingar og dialektblandingar, særleg til kystområda.

Innafor dei lange periodane i tabell 3 har nok endringstempoet skifta. Ut frå det inntrykket gammelnorske kjelder gir, har det f.eks. vore ein rolegare periode på 1200-talet, altså i høgmiddelalderen. I seinmiddelalderen, særleg på 1400-talet, var endringane tydeleg større. Eit skiftande endringstempo kan derfor illustrerast med ei svingande kurve, som viser både større og mindre utslag enn gjennomsnittstala i tabell 3. Kurva i figur 4 ligg truleg nær det inntrykket som er vanleg å formidle i norsk språkhistorie. Ho viser altså ikkje empiriske resultat, men tenkte resultat som kunne fortalt om skiftande endringstempo. Det viktige akkurat her er at »målføra våre har ... aldri endra seg» *mindre enn i våre dagar* (jf. sitatet etter Beito i bok 1). Det er den nøkterne påstanden med grunnlag i dei fire empirisk funderte tala; og denne påstanden kan etterprøvast.



Figur 4. Skiftande språkendringstempo. Ei tenkt lang språkhistorisk linje. Jamfør tabell 3.


6 Korfor så lite endring i nyare tid?

Resultatet ovafor overraskar nok dei fleste. Fortida var kanskje ikkje så stabil som vi trur. Kan hende er mange av forestillingane våre om fortida feil.


Det er eit par generelle moment vi kan ta med oss, som kan forklare noko av resultata vi såg: a) Vi blir så gamle i dag, og b) vi i moderne tid er så opptatt av språk. Når vi nå har ein gjennomsnittsalder på godt over 80 år, gjer ikkje det

berre at vi gjennom livet observerer fleire endringar enn før, men befolknings-samansetninga har forandra seg som resultat av lang levealder. Ein reknar med at gjennomsnittsalderen i middelalderen var sirk 30 år, i 1750 var han på sirk 35 år, på 1820-talet knappe 50 (her begynner tala å bli nokså pålitelege), og i 2020 sirk 83 år (Frølich u.å., Sandmo 2020, Tønnessen 2022). Statistisk sentralbyrå kan gi oss dei befolkningspyramidane vi ser i figur 5 for den norske befolkninga i 1846 og 2020.

Figur 1. Befolkningspyramide 1846




Figur 6. Befolkningspyramide 2020



Figur 5. Befolkningspyramiden for 1846 og 2020. (Kjelde: Statistisk sentralbyrå.)

Slike figurar kjenner vi godt, og vi ser at nokolunde pyramide var det kring 1800, men i dag smalnar byggverket så sakte oppover i årsklassane at det har fått meir og meir form som ei tynne. Dei yngste kulla ser vi til og med er mindre enn dei over 20 år, slik at figuren smalnar nedover òg. Korleis dette slår ut i befolknings-samansetninga, kan vi sjå i figur 6.



Figur 6. Folketalet fordelt på aldersgrupper i 1801 og 2001. (Kjelde: Statistisk sentralbyrå.)

Figur 6 viser tydeleg korleis befolkninga opp til 20 år er blitt ein stadig mindre del av det samla samfunnet. Den aldersgruppa har minka frå 43 % til 26 %. Det vil heilt konkret seie at det er dei vaksne og godt vaksne som dominerer tungt i alt det som blir sagt i eit lokalsamfunn i dag, og dét kan ein tenke seg virkar inn på korleis barna venner seg til å snakke. Hovudprinsippet for naturleg læring er jo at barna prøver seg fram i å etterlikne det språket dei høyrer rundt seg. Innafor den sosiolingvistikkgreina som blir kalla koinéforsking, har Salikoko Mufwene (2001 s. 18, 30, 197 f.) brukt begrepet ‘feature pool’ om den samla språkbruken som inneheld dei variantane eller resursane som barna i praksis har til disposisjon når dei skal etterlikne og tileigne seg dialekten. Nedafor vil vi omtale begrepet som ‘språkbruksgryta’. Vi kan rekne med at dei språkformene som dominerer i den samla språkbruken i eit lokalsamfunn, styrer mykje av kva ungane tar etter. Dermed kan figur 6 fortelje noko om kva type språk barn fangar opp gjennom øyret frå språksamfunnet rundt seg, og dét fungerer som normalitetsbilde for dei. Rett nok er ikkje dette heile sanninga, for dei lærer seg etter kvart sosiale mønster for val av variantar, men det tjener i alle fall som hovudmønster i dialekten.

Det andre generelle momentet om at vi er så opptatt av språk, kan vi ikkje kvantifisere. Men det er blitt ei vanleg erkjenning i språkhistorisk forsking at språket i Europa er blitt ‘kulturisert’ eller ‘ideologisert’ frå slutten av seinmiddelalderen og ved overgangen til ny tid samtidig med at det har vakse fram eit moderne statsapparat som ønsker å utvikle lojalitet og samkjensle hos undersåttane (Joseph 1981 s. 86 f.; Sandøy 2018 s. 166–173). Når språket på den måten får oppmerksamhet og blir tillagt symbolsk verdi, enten det er som skiljemerke mellom klassane eller som nasjonalt symbol, kan ein tenke seg at refleksjonen kring språk virkar konserverande ved at brukarane lettare oppdagar forskjellar og forandringar.

7 Kan tilflytting forklare endringsgraden mellom dialektsamfunna?

Med samanliknelege tal for språkendringstempoet i tjue lokalsamfunn har ein eit godt utgangspunkt for å studere vilkåra og årsakene til endringane. Vi skal nå sjå på nokre faktorar som andre granskingar har vist virkar inn på dialektendringsprosessen. Dei bør i framtidige prosjekt undersøkast grundigare enn det som her er muleg, for å sjekke korrelasjonen med graden av dialektendring. Trass i manglande gode demografiske data for dei tjue stadane i denne granskinga, skal vi drøfte faktorar som ofte blir dratt fram som relevante i ei forklaring, for å sjå om og korleis dei foreløpig kan koplast til dei språklege resultata:

Bolk 7: Tilflytting: A) grad, B) intensitet, og C) språkleg avstand mellom tilflyttarmål og opphavsdialekten på staden

Bolk 8: Skolestruktur – sentralisering

Bolk 9: Språkbeskrivningsnivåa

A. Grad av tilflytting

I Norge står det dessverre dårleg til med historisk-statistiske opplysningar om flyttingar frå tida før 1966. Derfor er enklaste måten å beregne graden av tilflytting på å sjå etter om folketalsauken på ein bestemt plass er større enn normalt i landet, for ein kan våge å ha som utgangspunkt at folkeauken ved normalt fødselsoverskott er jamt fordelt over heile landet. Ein positiv differanse må da mest sannsynleg representere tilflytting. I tabell 4 er det sett inn ein faktor for folketalsauken frå 1801 til 2001 i dei 20 aktuelle kommunane. Tal over landsgjennomsnittet på 5,12 viser truleg tilflytting.

Tabell 4. Dialektendringsgrad og faktor for folkeauge i kommunen (Kjelde: <https://www.ssb.no/a/fob2001/kommunehefte/>).

| Dialektområde i PLm definert etter kommune (ev. region) og fylke fram til samanslåingane i 2020 | Grad av dialektendring | Faktor for folkeauge 1801–2001 |
|---|------------------------|--------------------------------|
| 1. Vågan, Lofoten, Nordland | 26,5 | 5,95 |
| 2. Vefsn, Nordland | 22,5 | 5,18 |
| 3. Inderøy, Trøndelag | 21,3 | 2,03 |
| 4. Stjørdal, Trøndelag | 24,4 | 3,23 |
| 5. Orkdal, Trøndelag | 28,2 | 2,42 |
| 6. Gjemnes, Nordmøre, Møre og Romsdal | 32,1 | 1,31 |
| 7. Ørsta, Sunnmøre, Møre og Romsdal | 62,9 | 3,69 |
| 8. Askvoll, Sunnfjord, Sogn og Fjordane | 40,4 | 1,64 |
| 9. Sogndal, Sogn og Fjordane | 26,3 | 2,40 |
| 10. Osterøy, Nordhordland, Hordaland | 35,9 | 3,74 |
| 11. Voss, Hordaland | 42,9 | 2,04 |
| 12. Ullensvang, Hardanger, Hordaland | 56,2 | 2,06 |
| 13. Bømlo, Sunnhordland, Hordaland | 24,4 | 5,62 |
| 14. Time, Jæren, Rogaland | 22,1 | 10,65 |
| 15. Valle, Setesdal, Aust-Agder | 20,0 | 1,23 |
| 16. Seljord, Telemark | 39,6 | 1,30 |
| 17. Ål, Hallingdal, Buskerud | 18,0 | 1,82 |
| 18. Øystre Slidre, Valdres, Oppland | 14,6 | 2,19 |
| 19. Sel, Gudbrandsdalen, Oppland | 13,6 | 2,74 |
| 20. Tynset, Østerdalen, Hedmark | 49,2 | 2,24 |
| <i>Gjennomsnitt for dei tjue stadane</i> | 31,1 | 3,17 |
| <i>Folkeauge i heile landet</i> | | 5,12 |

Her er det lett å sjå at det ikkje er nokon korrelasjon. (Korrelasjonskoeffisienten demonstrerer det med verdien -0,17949.) Vefsn kommune har ein folkeaugefaktor på 5,18, dvs. litt over det som er gjennomsnittet for heile landet, og graden

for dialektendring på dei 200 åra er berre 22,5, som er godt under landsgjennomsnittet på 31,1. Men Seljord kommune i Telemark, som har ein folkeauke på berre 1,3, altså langt under gjennomsnittet, har ei dialektendring på heile 39,6. Tala i tabellen viser altså ikkje samsvar.


Så mange granskingar viser at tilflyttingar er relevante for språkutviklinga at dette granskingssporet kan ikkje stoppe her. Tabellen viser nok helst at akkurat denne enkle framgangsmåten blir for upresis. Da Aasen besøkte Vågan kommune i 1852, slo han seg til i Kabelvåg, senteret i kommunen da. Etter den tid er det Svolvær i same kommunen som har vakse til ein større by og er årsaka til den svært store folkeauken i kommunen. Tabell 4 kunne nok blitt meir relevant om vi kunne ha skaffa gode og pålitelege opplysningar om folketalsauken på kyrkjesoknnivå, som truleg ville representert betre dei aktuelle lokalsamfunna. Kommunane er truleg for store einingar i denne beskrivinga. Dessutan kan både fråflytting og tilflytting ha gått i fleire bølger på dei 200 åra, så perioden brukt her bør nok delast opp i fleire kortare for å fange opp periodar med intensitet i flyttingar, jf. neste bok. Men å skaffe fram meir nøyaktige tal krev eit stort kjeldearbeid, som eg ikkje har hatt høve til å gjere.

Når vi ser på dei enkelte stadane, slår det ein at tilleggsfaktorar kan vere sannsynlege som forklaringar. Korrelasjonen blir kanskje betre om ein kan presisere *korleis* folkeauken foregår, som vi skal sjå på i punkt B og C.

Det er tydeleg tala frå dei tre stadane med høgast folkeauke som gjer mest til å skape den negative korrelasjonen i tabell 4. Utan dei blir koeffisienten positiv. Eg kan ikkje peike på fellesdrag for dei tre stadane som kan forklare dette utslaget, så resultatet får stå slik det er. Men eg vil seinare i bok 9 (tabell 8 og 9) jamføre med figur 4 og der rekne »forbetringar» i korrelasjonen som teikn på samsvar, dvs. når den negative korrelasjonen blir redusert eller koeffisienten får positiv verdi.

B. Intensitet i tilflyttinga

Kommunen Vefsn – som med ein folkeaukefaktor på 5,18 ligg nærest landsgjennomsnittet på 5,12 – er i dag dominert av byen Mosjøen, nettopp der Aasen oppheldt seg under feltarbeidet sitt i 1846. Mosjøen voks til ein tettstad allereie kring 1900 og voks sterkt frå 1920 pga. trelastindustri. Staden blei deretter ein ny aluminiumsindustriby etter andre verdskrigene. Vi ser av figur 7 at folketalet voks nokså bratt etter 1920. Men i tabell 4 skåra altså staden lågt på dialektendringsgraden. Kan vi stille Vefsn (Mosjøen) opp mot interessante resultat i andre granskingar?



Figur 7. Folketalsveksten i Vefsn kommune frå 1801 til 2002.

Randi Neteland (2014) har undersøkt dialektendringar og samfunnssendring på industristadane Årdal i Sogn og Fjordane fylke⁴ og Sauda i Rogaland fylke. I studien sin tar ho opp spørsmålet om tilflyttinga må over eit terskelnivå for å bli merkande, og svaret hennar er at for å komme inn i ein koinéiseringsprosess – dvs. karakterisert av stor språkendring – må folkeauken representere ei fordobling av folketalet på 10 år (Neteland 2014 s. 72). Det kravet er tilfredsstilt på dei to undersøkingsstadane hennar, og for Sauda gir tilflyttingsintensiteten god forklaring. Pila vi har sett inn i figur 7, viser korleis vekstkurva etter 1920 måtte ha sett ut for Mosjøen om denne byen skulle fått utvikla ein koiné. Mosjøen har altså langt frå nok auke til å kunne få ei koiné-liknande språkendring. Om nokon av dei andre stadane Aasen besøkte, kan ha opplevd ein slik folkeauke på f.eks. kyrkjessoknnivå, står att å undersøke.

Dette terskelkravet om ei fordobling på 10 år ligg svært høgt, ser vi, og det er mykje høgare enn både Sandøy (2004 s. 61) og Trudgill (2011 s. 57) har antyda tidlegare – nemleg 35 % og 50 % – utan nokor nøyaktig gransking. Dette kravet må forståast slik at når tilflyttarbefolkinga etter berre 10 år utgjer fleirtalet i lokalsamfunnet, blir tilflyttargruppa ikkje integrert på naturleg måte i det tradisjonelle samfunnet. Da får det radikale konsekvensar for dialekten.


C. Språkleg avstand mellom tilflyttarmål og opphavsdialekt

Ved detaljerte lokalstudiar kan det vere muleg å skaffe oppklarande data om korleis tilflyttinga skjer. Olav Aasmundtveit (2008) har gjennomført ein interessant studie i Telemark der han har samanlikna dialekten åt ungdomsskoleelevar i Vinje kommune og Seljord kommune, som begge har hatt det same vesttelemålet, men har fått ulik utvikling siste generasjonane. Vinje kommune kom ikkje med i dialektinnsamlinga hans Aasen, men den andre staden, Seljord, er nettopp den

⁴ Sogn og Fjordane fylke og Hordaland fylke gjekk frå 2020 saman i Vestland fylke.

staden som Aasen besøkte i Telemark på feltarbeidet sitt i 1845. Aasmundtveit viser at dei to kommunane har svært ulik endringsgrad i dialekten, og Seljord ligg mykje høgare enn Vinje, men tala for endring kan ikkje samanliknast med dei vi brukar her pga. at han bygde på utvalde variablar.

Den viktige forklaringa i dette tilfellet er at tilflyttinga til dei to kommunane skjer så ulikt. For det første er faktoren for folketalsauken i Vinje på 2,0, mens han for Seljord er berre 1,3. Men for det andre – og det er viktigare – er tilflyttigmønsteret heilt annleis i Seljord enn i Vinje, for i Vinje er tilflyttarane i stor grad frå same dialektområdet, og berre 30,9 % av foreldrepopulasjonen kjem utafor dialektområdet frå. I Seljord er talet 65,5 %. Enda meir markert blir forskjellen viss vi ser på mønsteret av tilflyttarar blant foreldra: I Seljord er eit svært tydeleg mønster at begge foreldra er tilflyttarar, nemleg i 42 % av foreldrepopulasjonen, mens det tilsvarande talet i Vinje er berre 3 %. Figur 8 gir eit tydeleg bilde av situasjonen.



Figur 8. Tilflyttinga i foreldrepara. (Kjelde: Aasmundtveit 2008.)

At dialektbakgrunnen å tilflyttarane er viktig, bli understreka òg i ei granskning som Per Sjåvik (1984) har gjort i nettopp Mosjøen. Tabell 5 viser korleis tilflyttinga til denne byen både som trelastby og som industriby har komme frå same regionen, nemleg Nordland fylke. Når 80–90 % av tilflyttarane snakkar så og seie same dialekten som »urbefolkinga» på staden, blir ikkje variantane i språkbruksgryna mykje annleis enn dei var frå før. At språkendringane i Mosjøen er nokså små trass i stor tilflytting, kan altså her forklarast med at tilflyttinga er frå same regionen.

Tabell 5. Geografisk opphav for tilflyttarane til Mosjøen. (Tala henta frå Sjåvik 1984.)

| | Frå Nordland | Frå Sør-Norge | Andre stadar frå |
|------|--------------|---------------|------------------|
| 1900 | 89,5 | 10 | 0,5 |
| 1958 | 81 | 15 | 4 |

Same poenget med at det er nokså avgjerande kva dialekt tilflyttarane kjem med, går òg fram av granskingar av dialektutviklinga på dei to industristadane Tyssedal og Odda i Hardanger. Begge stadane kvalifiserer som stadar med koinéutvikling. Tyssedal fekk ei stor tilflytting frå Austlandet, mens Odda fekk mest frå heimefylket, dvs. Hordaland. Resultatet er at Odda fekk utvikla ein ny variant av regionaldialekten, mens Tyssedal fekk utvikla ein austlandsdialekt. (Jamfør Sandve 1976; Sandøy 1985 s. 250 f. og 2016 s. 66–70; Hildremyr, under arbeid.) Dessutan går det fram av granskinga hennar Neteland at den nemnte industristaden Årdal, som altså hadde nok tilflytting til å få ei koinéutvikling, ikkje fekk nokon store forandringar, for tilflyttinga skjedde der òg i hovudsak frå same regionen, nemleg Sogn. Kan hende må ein sjå på eit samspel mellom språkleg avstand og intensitet i folkeauge. Nødvendige demografiske data om det forutset eigne lokale studiar.

Oppsummering om tilflyttinga

Vi såg under A at folketalsauge på 200 år for heile kommunar ikkje var nokon treffsikker forklaringsfaktor. Når vi så greier å presisere sjølve tilflyttingsmønsteret, bør det ikkje overraske at både tilflyttingsintenseten (B) og avstanden mellom språkvariantane i språkbruksgryna (C) har forklaringskraft når vi skal forklare språkendringane. Vi forstår lett korleis desse faktorane kan styre læringsvilkåra for nye generasjonar som skal tilegne seg dialekten. Men det står ein del att før vi forstår mekanismane i detalj; det interessante terskel-spørsmålet treng nærmare gransking ved studiar på fleire stadar, og kombinasjonen av faktorane tilflyttingsintensitet og språkleg avstand bør undersøkast nærmare. Er forholdet mellom desse faktorane slik at kravet til koinéutvikling om dobling i folketalet på 10 år gjeld berre viss doblinga skjer ved at tilflyttarane kjem utafor regionen ifrå? Resultata frå Sauda og Årdal tyder på det. Heilt avklart er det vel heller ikkje at regional tilflytting aleine over lengre tid slettes ikkje påvirkar dialekten. Dessutan bør sosiale mekanismar studerast nærmare, f.eks. den vi såg på som gjaldt om ein eller to av foreldra var tilflyttarar.

Med å dra inn resultat frå andre granskingar, får vi styrkt mistanken om at faktorar kring flytting samla sett har stor forklaringskraft for endringsprosessen sjølv om ei enkel førstetilnærming med berre folketalsauge ikkje treffer godt. Tilfellet Mosjøen i Vefsn gav ikkje støtte til faktor A, men føyer seg inn i mønstra for B og C i denne bolken. Eit neste steg i oppfølginga av dei 20 Aasen-tekstane må vere å lage demografiske nærmestudiar av fleire av dei aktuelle dialektsamfunna.

8 Skolestruktur – sentralisering

Som ei forlenging av det samfunnsperspektivet vi nå har vore inne på, kan det vere interessant å sjå på korleis skolestrukturen påvirkar språket åt ungdommane, altså nye generasjonar. Det har Karen Marie Kvåle (1999) gjort i regionen Valdres. Der har ho i tillegg til å jamføre graden av tradisjonell dialekt som ungdom og vaksne brukar, skilt mellom elevar på ungdomsskolen og på vidaregåande skole. Ungdomsskolen er alltid i heimekommunen, men når elevane skal på vidaregåande skole, møtest alle i regionssenteret Fagernes.

Av tabell 6 ser vi at dialektprosenten går ned frå 54 til 47 når elevane er komne på vidaregåande. Det viser seg å gjelde jentene, som går frå 57 til 41 prosent; gutane aukar faktisk litt sin prosent frå 51 til 55. Her ser det ut til at den sentraliseringa av skolane som pregar det moderne samfunnet vårt, får konsekvensar for dialektendringa.

Tabell 6. Dialektprosent hos elevar og vaksne i Valdres. (Tala henta frå Kvåle 1999 s. 39, 44.)

| Dialektprosent | Ungdomsskole | | Vidaregåande skole | | Vaksne | |
|----------------|--------------|------|--------------------|------|---------|------|
| | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn |
| Dialektprosent | 57 | 51 | 41 | 55 | 76 | 82 |

Desse tala er forståelege når ein tenker på skolen som samfunn eller kollektiv, der elevane i språkformingsalderen bevegar seg frå det eine til det andre samfunnet. Det andre språksamfunnet, altså elevane ved vidaregåande skole, er dominerert av dialekten på den største staden i regionen, nemleg Fagernes.

I framhaldet av denne granskninga med 20 undersøkingsstadar bør det opplagt granskast om kommunar som ikkje har eigen vidaregåande skole, kan vise anna endringsmønster enn dei som har slik skole. Dette skiftar mykje, for mange kommunar er for små til å ha eigen vidaregåande skole og har derfor gått inn i samarbeid med andre om å opprette ein meir sentralisert skole, slik tilfellet er i Valdres. Slike politiske tiltak kan ha språklege konsekvensar.

9 Språkbeskrivingsnivåa

Når vi ser nærmare på dei stadane som har høgast dialektendringsgrad, jf. tabell 7, viser analysane mine av fonemsystema at nettopp dei har dialektane med flest vokalfonem kring 1800, og at dei har fått største reduksjonen i vokalinventaret på dei 200 åra vi undersøker. Det er tydeleg for dei med endringsgrad på 40 og meir, som er vist i tabell 7.

Tabell 7. Dialektar med stor endringsgrad og stor vokalfonemreduksjon.

| Dialektområde i PLm definert etter kommune (ev. region) og fylke fram til 2020 | Grad av dialektendring | Stor reduksjon i talet på vokalfonem (fra - til) |
|--|------------------------|--|
| 7. Ørsta, Sunnmøre, Møre og Romsdal | 62,9 | 18 > 13 |
| 8. Askvoll, Sunnfjord, Sogn og Fjordane | 40,4 | 16 > 12 |
| 10. Osterøy, Nordhordland, Hordaland | 35,9 | 16 > 12 |
| 11. Voss, Hordaland | 42,9 | 14 > 12 |
| 12. Ullensvang, Hardanger, Hordaland | 56,2 | 15 > 13 |
| 20. Tynset, Østerdalen, Hedmark | 49,2 | 16 > 12 |
| Gjennomsnitt | 31,1 | |

Dei seks dialektane i tabell 7 har i løpet av dei 200 åra fått redusert talet på vokalfonem slik at dei fleste har komme ned på det mest utbreidde inventaret i Norge, nemleg 9 monoftongar og 3 diftongar, dvs. 12 vokalar. (Her overser vi eit par diftongar som finst berre i nokre importord.)

Berre dialekten i Setesdal har halde på svært mange vokalar, nemleg 18 vokalfonem. I ei nokså ny granskning var det halvparten av dei unge informantane som framdeles heldt på det systemet, og det gjer at tida ennå ikkje er kommen for å seie at eit forenkla system har slått igjennom der (Attestog 2004 s. 96 f.). Eit lågare tal, nemleg 14, har halde seg i Sogndal. Nokre andre dialektar har gått frå 13 til 12, som altså er blitt det normale i norsk.

Av dette ser det ut til at dialektar med eit stort vokalinventar lettare enn andre er utsett for endring i nettopp vokalsystemen når dialektane lever innafor eit storsamfunn som er sterkt dominert av eit system med 9 monoftongar og 3 diftongar. Her kunne ein undersøke vidare om dei vokalane som forsvinn, har lita funksjonell tyngd i språket i den forstand at dei fungerer som betydningsskiljande i relativt få ord. Ved litt tilflytting og variasjon i lokalsamfunnet kan kanskje slike litt marginale vokalar lettare forsvinne enn mange andre drag.

Viss det derimot er fonologien generelt som er meir utsett for endringar enn andre nivå i språkbeskrivinga, kan ein stille det teoretiske spørsmålet om særstatusten til dette nivået spelar ei rolle. Fonologiske einingar er jo betydningsskiljande og ikkje betydningsberande, slik morfologien, syntaksen og orda er det.⁵ Ei foreløpig teoretisk forståing av det kunne vere at kommunikasjonen innehold ei overflod av informasjon, dvs. redundans, særleg når ein òg tar kontekst inn i perspektivet, og derfor kan forenklingar lettare ramme fonologien enn dei segmenta som refererer til eit innhald. I alle fall kan det vere ein muleg hypotese for vidare granskning at den reikt språkstrukturelle statusen kan ha forklaringskraft når det gjeld endringstempoet.

⁵ Her kan det presiserast at enkeltendringar som er ein konsekvens av ei anna endring, ikkje blir talt med som sjølvstendig endring fordi dei er redundant. Det vil f.eks. seie at kongruensmarkeringar i underledd ikkje blir talt med når dei er ei følge av at eit nytt overledd har annen genus.

I vår samanheng med kvantifisering er det viktig å ta med at lydfenomena – som er dei minste byggeklossane i språket – er svært frekvente i språkbruken. Slike forandringar får derfor stor matematisk konsekvens i oppstillinga vår. Vi kan i tabell 8 sjå korleis resultata blir om vi held dei fonologiske endringane utanfor. Denne tabellen kan samanliknast med tabell 4.⁶

Tabell 8. Ikkje-fonologiske endringar jamført med folkeauke.

| Dialektområde i PLm definert etter kommune (ev. region) og fylke fram til kommunenesamanslåingane i 2020 | Grad av ikkje-fonologiske endringar | Faktor for folkeauke 1801–2001 |
|---|-------------------------------------|-----------------------------------|
| 1. Vagan, Lofoten, Nordland | 23,8 | 5,95 |
| 2. Vefsn, Nordland | 16,8 | 5,18 |
| 3. Inderøy, Trøndelag | 19,6 | 2,03 |
| 4. Stjørdal, Trøndelag | 22,1 | 3,23 |
| 5. Orkdal, Trøndelag | 21,8 | 2,42 |
| 6. Gjemnes, Nordmøre, Møre og Romsdal | 17,9 | 1,31 |
| 7. Ørsta, Sunnmøre, Møre og Romsdal | 28,6 | 3,69 |
| 8. Askvoll, Sunnfjord, Sogn og Fjordane | 21,5 | 1,64 |
| 9. Sogndal, Sogn og Fjordane | 17,6 | 2,40 |
| 10. Osterøy, Nordhordland, Hordaland | 25,0 | 3,74 |
| 11. Voss, Hordaland | 23,9 | 2,04 |
| 12. Ullensvang, Hardanger, Hordaland | 35,1 | 2,06 |
| 13. Bømlo, Sunnhordland, Hordaland | 18,1 | 5,62 |
| 14. Time, Jæren, Rogaland | 20,7 | 10,65 |
| 15. Valle, Setesdal, Aust-Agder | 14,6 | 1,23 |
| 16. Seljord, Telemark | 36,8 | 1,30 |
| 17. Ål, Hallingdal, Buskerud | 15,9 | 1,82 |
| 18. Øystre Slidre, Valdres, Oppland | 12,2 | 2,19 |
| 19. Sel, Gudbrandsdalen, Oppland | 11,8 | 2,74 |
| 20. Tynset, Østerdalen, Hedmark | 37,3 | 2,24 |
| Gjennomsnitt | 22,1 | 3,17 |
| Folkeauke i heile landet | | 5,12 |

Resultatet er altså at toppane i tabell 4 er borte, og dermed går endringsgjennomsnittet for alle 20 dialektane ned til 22,1. Vi kan her oppdage eit interessant resultat: I tabell 4 såg vi ingen korrelasjon mellom folketalsauke og dialektendringsgrad; den var faktisk negativ. I tabell 8 er korrelasjonskoeffisienten »forbetra» til -0,08425. I tabell 9 kan vi dessutan oppdage at dei ti dialektane med lågast endringsgrad har eit snitt på 16,8, og samtidig har dei tilsvarende kommunane

⁶ I dei fonologiske endringane er ikkje morfonologien innrekna, men endringar ved fonem-samanfall og endringar som skjer i fonologiske reglar.

ein folketalsaukefaktor på 3,05. Dei viser ein positiv koeffisient på vel +0,5. Dei ti dialektane med høgast endringsgrad har eit snitt på 27,3 og tilhøyrande kommunar ein folketalsaukefaktor på 3,3; her er den negative korrelasjonen blitt større. Vi skal ikkje dra sterke slutningar av dette. Men alt tyder på at strukturell status kan vere relevant som årsaksforklaring.

Tabell 9. Minst og mest ikkje-fonologisk endring og folketalsauke.

| Dialektområde i PLm definert etter kommune (ev. region) og fylke fram til samanslåingane i 2020 | Grad av ikkje-fonologiske endringar | Faktor for folkeauge 1801–2001 |
|---|-------------------------------------|-----------------------------------|
| 19. Sel, Gudbrandsdalen, Oppland | 11,8 | 2,74 |
| 18. Øystre Slidre, Valdres, Oppland | 12,2 | 2,19 |
| 15. Valle, Setesdal, Aust-Agder | 14,6 | 1,23 |
| 17. Ål, Hallingdal, Buskerud | 15,9 | 1,82 |
| 1. Vågan, Lofoten, Nordland | 23,8 | 5,95 |
| 2. Vefsn, Nordland | 16,8 | 5,18 |
| 9. Sogndal, Sogn og Fjordane | 17,6 | 2,40 |
| 6. Gjemnes, Nordmøre, Møre og Romsdal | 17,9 | 1,31 |
| 13. Bømlo, Sunnhordland, Hordaland | 18,1 | 5,62 |
| 3. Inderøy, Trøndelag | 19,6 | 2,03 |
| Dei ti dialektane med minst dialektendring: | Snitt: 16,8 | Snitt: 3,05 |
| | Spenn: 11,8–23,8 | Spenn: 1,23–5,95 |
| | Korr.koeff.: +0,501846 | |
| 14. Time, Jæren, Rogaland | 20,7 | 10,65 |
| 8. Askvoll, Sunnfjord, Sogn og Fjordane | 21,5 | 1,64 |
| 5. Orkdal, Trøndelag | 21,8 | 2,42 |
| 4. Stjørdal, Trøndelag | 22,1 | 3,23 |
| 11. Voss, Hordaland | 23,9 | 2,04 |
| 10. Osterøy, Nordhordland, Hordaland | 25,0 | 3,74 |
| 7. Ørsta, Sunnmøre, Møre og Romsdal | 28,6 | 3,69 |
| 12. Ullensvang, Hardanger, Hordaland | 35,1 | 2,06 |
| 16. Seljord, Telemark | 36,8 | 1,30 |
| 20. Tynset, Østerdalen, Hedmark | 37,3 | 2,24 |
| Dei ti dialektane med mest dialektendring | Snitt: 27,3 | Snitt: 3,30 |
| | Spenn: 20,7–37,3 | Spenn: 1,30–10,65 |
| | Korr.koeff.: -0,42306 | |
| Gjennomsnitt for dei tjue stadane | 22,1 | 3,17 |
| Folkeauge i heile landet | | 5,12 |

Vi kan sjølv sagt ikkje sjå vekk frå dei fonologiske endringane når vi studerer dialektforandring. Spørsmålet vidare blir truleg om dei er av ein type som bør

slå mindre ut i dei kvantifiseringane som seinare skal brukast til jamføring med samfunnsfaktorar. Dét skal få stå att som drøftingsemne til ein annen gong.

I samband med dette siste spørsmålet kan det understrekast at det sosiolingvistiske innhaldet, altså indeksikaliseringa av GAMMAL versus MODERNE, ikkje treng å ha med dette å gjere. Det ville vere rimeleg at arbitraritetsaksiomet, som m.a. Weinreich, Labov og Herzog (1968 s. 185) drar inn – altså at det er eit tilfeldig forhold mellom språkleg uttrykk og semantisk og sosialt innhald – gjeld likt for alle språkbeskrivingsnivåa. Spørsmålet som bør drøftast vidare, gjeld sjølv den kvantitative vektinga av fonologien.

10 Oppsummering

Hovudpoenget i denne artikkelen er å vise at det lar seg gjere å kvantifisere språkforandring med å utnytte bruksfrekvensen for endringane. Her er det gjort i gitte tekstar tidfesta til sirkka 1800, som er jamført med ein oppdatert versjon av same tekstane frå sirkka år 2000. Vi har kunna utvikle tal for omfanget av endringane, og slike tal kan brukast til å jamføre dei ymse dialektane og til å jamføre ulike historiske periodar. Brukt slik ser vi f.eks. at endringsomfanget dei siste 200 åra i norske dialekter er svært lågt jamført med tidlegare periodar. Dei er så låge at det påtrengande spørsmålet må bli: Korfor endrar språket i moderne tid seg så lite? Faktoren alderssamansettning i befolkninga er antyda i bok 6 som den eine forklaringsfaktoren.

Forskjellane vi ser i endringsomfang mellom dialektane i Norge, legg godt til rette for å prøve ut om ulike samfunnsfaktorar kan gi forklaring. Demografiske endringar kan truleg vere relevante, men dei krev meir inngående lokal samfunnsanalyse av dei 20 plassane enn det som det har blitt høve til i dette prosjektet, jf. bokane 7 og 8. Andre granskningar gir antydningar om at to meir presise faktorar kan ha forklaringskraft: a) tilflyttingsintensiteten, og b) den språklege avstanden tilflyttarmålet har til opphavsdialekten. Dette må undersøkast meir.

I omtalane av språkendringar er tolkingane ofte einsidig individorientert, dvs. at ein ser endringa slik at folk ikkje *vil* bruke tradisjonelle dialektformer, og dei *vel å bruke* mindre tradisjonell dialekt. På ein måte kan ei slik tolking vere rett, til og med sjølv sagt, for med sterk vilje kan individet seie kva det vil. Men da overser ein at språket òg skal fungere overfor mottakarane. Fokuset på at det er tale om individuelle val hindrar oss i å sjå på korleis språkendringane er resultat av det som individet opplever som *sosialt nødvendig*. Nye språkbrukarar står ikkje berre fritt til å velje, men er utsett for avgrensande rammevilkår. Det sosialt nødvendige er avhengig av kva som er i språkbruksgryna, jf. bok 6.

Mykje står att å granske for å få sikrare grep om desse forklaringsfaktorane. Men éin konklusjon er klar: Dei vanlege påstandane om at vi har opplevd så store talemålsforandringar siste generasjonane, er galne. Eit etterhald må nok her

takast for dei aller siste desennia, for dei utgjer så kort periode at ei undersøking krev nøyaktigare variasjonsresultat, dvs. frå eit større grunnlagsmateriale.

Uansett er altså dei vanlege forestillingane ikkje i samsvar med empirisk granskning. Kvifor er det slik? Det er underleg at slike utsegner så sjeldan gjeld over-klassemålet i byane og standardtalemålet. Dét kan få ein til å tenke at dei utfbreidde kulturelle forestillingane utan rot i empirien tjener som støtte for og stadfesting av oppfatninga av kven som har sosialt og kulturelt overtak og er seierherren. Bygdedialektane spesielt står i desse forestillingane svakt og er taparane.

Referansar

- Attestog, Birgit, 2004: »*Jeg er setesdøl, jeg!*» Setesdalmålet – eit talemål i utvikling eller avvikling? Upubl. hovudoppg. Kristiansand: Høgskolen i Agder.
- Beito, Olav T., 1958/1973: Drag av utviklinga i hallingmålet dei siste mannsaldrane. I: Svenska Landsmål och Svenskt Folkliv, 1958. S. 1–42. – Oppatttrykt i Olav T. Beito & Ingeborg Hoff (red.): Frå norsk målføregransking. Oslo: Universitetsforlaget 1973. S. 190–226.
- Frølich, Wenche, u.å.: Helse, sykdom og død i Middelalderen. I: Middelalder-Oslo, utg. av Middelalder-Oslo. På: <https://middelalder.no/medlemsblad/faglige-artikler/192-helse-sykdomog-dod-i-middelalderen>. Lese 5.11.2022.
- Harding, Erik, 1932: Urnordisk grammatik. (Bihang II: »En germansk hjältedikt (Atlakvida) i urn. tungomål».) Lund: C.W.K. Gleerups förlag.
- Hildremyr, Helene, under arbeid: [Dr.avh. under arbeid om språksamfunna Odda og Tyssedal.] Bergen: Universitetet i Bergen.
- Joseph, John Earl, 1981: The standard language. Theory, dogma and sociocultural reality. Michigan: Ann Arbor.
- Kvåle, Karen Marie, 1999: »*Dè è'kj gøtt veta ko dai saia.*» Talemålsendring i Valdres. Fagernes: Valdreslaget i Oslo.
- Mehl, Matthias, 2007: Eavesdropping on Health: A Naturalistic Observation Approach for Social Health Research. I: Social and Personality Psychology Compass 1/1. S. 359–380.
- Mufwene, Salikoko S., 2001: The Ecology of Language Evolution. Cambridge.
- Neteland, Randi, 2014: Koinéforming av industristadtalemål. En sosiolinguistisk studie av språkutviklingen i Sauda og Årdal de siste hundre årene. Dr.avh. Bergen: Universitetet i Bergen.
- PLm = Aasen, Ivar, 1853: Prøver af Landsmaalet i Norge. Kristiania: Trykt hos Carl C. Werner & Comp.
- Sandmo, Erling, 2020: Historisk levealder i Norge: bedre helse, lengre liv. I: Norgeshistorie – Fra steinalder til i dag. Fortalt av fagfolk. På: <https://www.norgeshistorie.no/enevelde/1201-historisk-levealder-i-norge.html>. Lese 5.11.2022.
- Sandve, Bjørn Harald, 1976: Om talemålet i industristadene Odda og Tyssedal. Generasjonsskilnad og tilnærming mellom dei to målføra. Upubl. hovudoppg. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Sandøy, Helge & Agnetha Nesse, 2016: Språkendring. I: Helge Sandøy (red.): Struktur. Norsk språkhistorie I, hovedredaktørar Helge Sandøy & Agnetha Nesse. Bd. 1. Oslo: Novus. S. 33–99.
- Sandøy, Helge, 1985: Norsk dialektkunnskap. Oslo: Novus.

- Sandøy, Helge, 2004: Types of society and language change in the Nordic countries. I: Britt-Louise Gunnarsson m.fl. (red.): *Language Variation in Europe. Papers from the Second International Conference on Language Variation in Europe, ICLAVE 2*, Uppsala University, Sweden, June 12–14, 2003, Uppsala: Department of Scandinavian Languages. S. 53–76.
- Sandøy, Helge, 2007: Kvantifisering og typologisering av språkendring og samfunn. I: Lennart Elmhevik (red.): *Nya perspektiv inom nordisk språkhistoria. Föredrag hållna vid ett symposium i Uppsala 20–22 januari 2006. (Acta Academiae regiae Gustavi Adolphphi XCVII.)* Uppsala. S. 145–160.
- Sandøy, Helge, 2011: Språk i endring – i struktur og i tanke. I: Jon Gunnar Jørgensen & Lars S. Vikør (red.): *Nordiskfaget – tradisjon og fornying. Maal og Minne 100 år*. Oslo: Novus. S. 55–68.
- Sandøy, Helge, 2016: Nye språksamfunn. I: Helge Sandøy (red.): *Struktur. Norsk språkhistorie I*, hovedredaktørar Helge Sandøy & Agnete Nesse. Bd. 1. Oslo: Novus. S. 33–99.
- Sandøy, Helge, 2018: Idéhistoria om norsk språk. I: Tove Bull (red.): *Ideologi. Norsk språkhistorie III*, hovedredaktørar Helge Sandøy & Agnete Nesse. Bd. 3. Oslo: Novus forlag. S. 149–243.
- Sjåvik, Per, 1984: Utviklingstendenser i vefsnmålet. Upubl. hovedoppg. Trondheim: Universitetet i Trondheim.
- Trudgill, Peter, 2011: Sociolinguistic typology. Social determinants of linguistic complexity. Oxford: Oxford University Press.
- Tønnessen, Marianne, 2022: Levealder. I: Store medisinske leksikon. På: <https://sml.snl.no/levealder>. Lese: 5.11.2022.
- Vestbøstad, Per, 1989: Nynorsk frekvensordbok. Bergen: Alma Mater.
- Weinreich, Uriel, William Labov & Marvin I. Herzog, 1968: Empirical foundations for a theory of language change. I: Winfred P. Lehmann & Yakow Maliel (red.): *Directions for historical linguistics. A symposium*. Austin – London: University of Texas Press. S. 95–199.
- Aasen, Ivar, 1853: *Prøver af Landsmaalet i Norge*. Kristiania: Trykt hos Carl C. Werner & Comp.
- Aasmundtveit, Olav, 2008: *Høtt skjer'a? Ei sosiolinguistisk granskning av talemålet til unge i Vest-Telemark*. Upubl. MA-oppg. Bergen: Universitetet i Bergen.